

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 28. august 2019

Frå: Fylkesrådmannen

Søknad frå Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

Bakgrunn

10. mai 2019 kom det ein søknad til tilskotsordninga for klima- og miljøtiltak frå Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, også kjent som ViteMeir, sjå vedlegg 1 og 2. Søknadsfristen på tilskots-ordninga var 15. august, og søkjar blei informert om at søknaden ville bli behandla saman med ev. andre søknadar etter denne fristen. Fylkesrådmannen meiner fylkesutvalet bør vurdere om denne søknaden bør handsamast utafør rammene til gjeldande tilskotsordning. Sjå under.

Søknaden gjeld delfinansiering av program for installasjonar på senteret. Dette er eit supplement til hovudprosjektplanen og forretningsplan II. Installasjonsprogrammet er samla på 15,9 mill.kr. I søknaden skriv søkjar at 5 mill.kr alt er finansiert, 7,3 mill.kr er søkt om frå ulikt hald, medan 3,6 mill.kr ikkje er finansiert. Kostnaden til installasjonane er ikkje inkludert i finansieringa av bygget, og heller ikkje som del av den løpande drifta. Det hastar noko å få på plass sluttfinansieringa for at installasjonane skal vere på plass og testa før senteret skal opnast.

Rammene til tilskotsordning for klima og miljøtiltak

Det står att totalt 480 000 kr på nemnde tilskotsordning, som skal fordelast på dei resterande to fristane i 2019 (15. august og 15. oktober). Søkjar søker om 1 mill.kr i 2019 og 1 mill.kr. i 2020. Dette vil ev. utgjere 13 % av totalkostnaden til installasjonsprogrammet.

Tidlegare løyvingar og avtalar med søkjar

Fylkeskommunen er den klart største aksjonæren i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS med 33,3 % av aksjane. Samstundes har Vitensenteret og fylkeskommunen v/bygg- og eigedomstenesta ei godkjent langtidsleigeavtale som inneheld eit subsidieelement på ca. 12 mill.kr.

Utover dette vedtok fylkestinget i juni 2019 å inngå ein treårig rammeavtale med Vitensenteret frå skuleåret 2020-2021. Fylkesrådmannen fekk – gjennom dette vedtaket – mynde til å forhandle fram ei rammeavtalen på inntil 500 000 kr per år.

Vurdering

Dersom fylkesutvalet meiner vi bør prøve å følgje opp føreliggjande søknad for 2019 (og ev. 2020) meiner fylkesrådmannen dette bør gjerast i tertialrapporten per 2. tertial 2019. Denne vil bli førelagt fylkestinget 8. oktober 2019.

Vedlegg

1. Søknad til Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak
2. Program for installasjonar.

Eg ber om fylkesutvalet si vurdering.